

Landet under isen

Av Lars Mæhle.



Om boka

Boka kombinerer krim- og fantasysjangeren og inneholder spennende filosofiske aspekt. Det lokale, det historiske og det universelle vert sydd saman, og leseren får sjå dagsaktuelle spørsmål i ein større samanheng. Boka vart tildelt Kulturdepartementet sin litteraturpris for beste barne- og ungdomsbok 2009 og vann Uprisen i 2010.

Kort samandrag

Fire sakna ungdommar. Tre stammar. Eit bortgøymt land under isen. Sju protokollar. Ein utvald. Ein forrædar. Den siste striden er her. No. Midt i blant oss. Leo Rubin er mot sin vilje utvald til å kjempe mot den vonde munken, og på vegen opplever han krig mellom stammene og sterke krefter han må stå imot.

Snakk saman

Fantasyforteljingar kan gå føre seg i vår verd eller i ei anna verd, men dei må innehalde eit fantastisk element av noko slag, som magi, fabelvesen eller noko anna som bryt med det vi i vår verd reknar for realistisk. Elevane kan snakke med læringspartner eller notere åleine før de snakkar om det i klassen.

- Kva fantasy-bøker eller -filmar kjenner du til?
Døme: Harry Potter, Narnia-bøkene, Skammar-serien.
- Kva kjenneteiknar slike forteljingar? Døme: Det gode mot det vonde. Ein helt med hjelparar. Noko overnaturleg eller fantastisk element. Kamp.
- Kva slags forventingar har de til ei fantasyforteljing?
Nokre forslag: At ho endar godt. At forteljinga tek ein med tilbake i tid, fram i tid eller til ei anna verd. At ein kan drøyme seg bort. Spenning.



Olav H. Hauge-senteret



Nynorsk kultursentrum



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

!les

Musikk som verkemiddel

I filmar nyttar ein ofte musikk som verkemiddel for å skape ei stemning. I bøkene måorda gjere det same arbeidet. Korleis vi formulerer setningane, er med på å lage bilete i hovudet på den som les. Det gjer ikkje noko om elevane kjenner att musikkdøma. Kanskje det også kan hjelpe dei til å setje ord på stemninga i musikken?

Øving 1: Stemming i musikk

Lat att auga, legg deg gjerne framover pulten og lytt til «Narnia – The Battle Song». Det beste er om elevane ikkje ser på skjermen, men berre lyttar til musikken.

SPOTIFY: Søk opp «The Battle Song» frå Narnia-filmen

YOUTUBE: <https://www.youtube.com/watch?v=XU38cv1AVrY> (1:32)

Snakk saman:

- Kva stemming uttrykkjer musikken?
- Kva ord kan vi bruke for å skildre stemminga? (Majestetisk, stor-slått, dynamisk, svevande – her finst ingen fasit)

Musikkdøme nr 2: Elevane lyttar, men skal også notere stikkord om stemminga undervegs.

SPOTIFY: «Harry Potter Theme Song»

YOUTUBE: <https://www.youtube.com/watch?v=Htaj3o3JD8I>

(Lytt til ca. 2:30)

Øving 2: Stemming i ord

Vel ei av setningane under og skriv 2–4 setningar som eit framhald på forteljinga. Startsetninga seier noko om stemminga i forteljinga, og elevane skal øve seg på å nytte ord som fortel vidare i same stemming.

ALTERNATIV 1: Arun låg godt gøynd under kappa si, men kjende kor hjartet hamra og pulsen steig etter kvart som han høyrde at soldatane nærma seg.

ALTERNATIV 2: Nelly og Samira leita med blikket for å sjå kva det var som låg inst i den mørke kjellaren, og nakkehåra reiste seg på dei då dei forstod kva det var som laga den uhyggelege lyden.



Øving 3: Skrive spenningsforteljing

No kan elevane gå i gang med å skrive ei spenningsforteljing. Ho kan gjerne vere innanfor fantasysjangeren.

Målet er å byggje opp spenninga. Den første setninga fører lesaren inn i eit imaginært rom, og det er til stor hjelp dersom du som skriv, skildrar korleis det ser ut, til dømes kva stemning det er, korleis ting ser ut, eller at vi får møte personane og bli kjende med dei.

Bruk denne skriveramma frå Skrivesenteret:

http://www.skrivesenteret.no/uploads/files/skriverammer/16_Skriveramme_spenningsforteljing_nn.pdf



Fleire kjelder

Framtida junior: Du kan lære meir om verda av å lese fantasy-bøker

<https://framtidajunior.no/2019/04/09/du-kan-laere-meir-om-verda-av-lese-fantasy-boker/>

Bokomtale av Skamarserien, av Lene Kaaberbøl:

<https://www.nynorskbook.no/2015/05/04/lene-kaaberb%C3%B8l-skamarserien/>

Omtale av Lene Kaaberbøl i Allkunne:

<https://www.allkunne.no/framsida/biografiar/k/lene-kaaberbol//94/1309/>

Bokomtale av Drakeguten, av Asbjørn Rydland:

<https://www.nynorskbook.no/2010/12/07/asbj%C3%B8rn-rydland-drakeguten/>

Omtale av Asbjørn Rydland, som har Drakeguten og fire bøker til i serien:

<https://www.allkunne.no/framsida/biografiar/r/asbjorn-rydland/101/86948/>

NRK Super: Bli med heim, episode 8.

Vi møter Hallvard, som bur i ein vikinglandsby kvar sommar.

<https://tv.nrksuper.no/serie/bli-med-heim/DVSF65300818/sesong-2/episode-8>